



Fjord
kommune

Bruk av bilde og video

Når vi ønsker å ta bilde eller lage videoar frå aktivitetar vi held på med, eller frå eit arrangement, for å dele desse (internt og/eller eksternt) - må vi tenkje gjennom om det vi gjer er lovleg.

Kva skal vi passe på?

Vi må ha eit forhold til personvernregelverket. Vi kan publisere og dele på våre digitale plattformer (kommunen si heimeside, Opplev Fjord og sosiale medium), men i kvar enkelt tilfelle skal vi vurdere behovet, formålet og sjå på ulempene publiseringa inneber.

Alle har lov til å seie nei til kvar einaste formål som vi i kommunen ønsker å bruke bilde og video til. Det gjelder alle. Den eller dei som skal vere med på bilda eller i videoane, må gi lov til publisering og deling, dersom enkeltpersonar er hovudmotiv, eller kan bli identifisert (såkalla «portrettbilde»), ved å gi samtykke for dette.

For barn og unge under 15 år treng vi samtykke frå føresette. Barn som har fylt 15 år kan sjølv gi samtykke. Det skal leggjast aukande vekt på meininga til barnet ut frå alder og modnad. Når barnet har fylt 7 år skal det høyrast. Frå 12 år skal meininga til barnet ha stor vekt.

Kva inneber samtykke?

Samtykke skal bli henta inn **før** bilde eller filmen blir tatt og delt, uansett plattform og type bruk. Dette gjeld også direktestreaming, sjølv om ingenting blir lagra.

Dersom det oppstår ein konflikt, er det vi som har delt bilde eller video som må bevise at eit gyldig samtykke er gitt.

Eit gyldig samtykke betyr at samtykket er frivillig, dvs. at det ikkje er gitt frå seg under tvang. Samtykket må ha eit klart og presist formål. Den som gir samtykke må få tilstrekkeleg informasjon til å forstå kva samtykket gjeld og kva konsekvensar det kan få.

Kravet er at samtykke skal dokumenterast. Å få munnleg godkjenning held ikkje.

Vi har utarbeidd eit samtykkeskjema for bruk av bilde og video. Vi har berre lov til å ta (og bruke) bilde og video når vedkomande sjølv eller representant, har fylt ut og signert skjemaet.

Ein har rett til å trekke tilbake samtykket når som helst. Mindreårige kan også trekkje tilbake samtykke, sjølv om andre har gitt samtykke på vegne av dei til bildebruka.

Når ein har trekt tilbake sitt samtykke, skal bilde og videoar bli sletta.

Treng vi uansett samtykke?

Svaret er både ja og nei. For bilder og film frå aktivitetar og «situasjonsbilde», der mange fleire har samla seg til å delta (til dømes 17. mai, konsert, kongebesøk, forestilling, kulturarrangement) treng ein ikkje alltid samtykke. Samstundes må vi vere klar over at personvernet står sterkt, også på

arrangement som har allmenn interesse. Dette medfører at vi skal spørje om samtykke likevel, når fokuset ligg på ein enkeltperson eller ei gruppe personar som deltek.

Sjølv når vi ikkje har behov for samtykke, treng vi – i samsvar med personvernregelverket – uansett eit grunnlag for publisering av bilde og videoar på våre digitale plattformer. Den mest aktuelle grunngevinga vil vere at kommunen viser til ein «berettiget interesse» for bildebruken. Her skal ein i kvart enkelt tilfelle vurdere om kommunen sine interesser veg tyngre enn omsynet til den enkelte sitt personvern.

I våre hovudføremål for bruk av våre digitale plattformer har vi definert at kommunen ønsker å gi innsikt i kommunen sitt arbeid og synleggjere kva som skjer i samfunnet. Dette medfører at det er i vår interesse at vi publiserer bilde og videoar av arrangement som bli gjennomført.

Kva med barn og unge?

Med omsyn til barnets beste skal Fjord kommune derfor i størst mogleg grad avgrense bruk av bilde og video av barn og unge.

Vi skal i størst mogleg grad berre publisere detaljbilde, situasjonsbilde eller video-opptak tatt frå avstand, slik at ein ikkje kan identifisere nokon.

Når barn eller unge får ei utmerking, kan ein vurdere å ta og publisere eit portrettbilde (enkeltperson eller gruppe). Vi skal då spesifikt spørje om samtykke. Namn kan berre blir knytt opp mot bilde eller video i dette særlege tilfelle, og berre når vi har samtykke til det.

Dersom vi publiserer bilde på nett av barn og unge, må desse alltid leggast ut i ein kvalitet som gjer det lite attraktivt for andre å manipulere eller nytte dei i andre samanhengar.

Kva med andre sine bilde/videoar?

Dei ovannemnde føringane gjeld også for bilde og videoar vi ev får frå andre (privatpersonar, lag og organisasjonar mv).